

KONGELEG RESOLUSJON

Fornyings- og administrasjonsdepartementet

Statsråd: Heidi Grande Røys

Ref nr.:

Saksnr.: 200600203

Dato: 28.06.2006

Vedtak om tidsavgrensa løyve etter konkurranselova § 13 for Den norske Forleggerforening og Den norske Bokhandlerforening til å føre vidare samarbeidet om fastpris for fagbøker og lærebøker for høgare utdanning.

1. Saka gjeld

Denne saka gjeld tilråding om å gje Den norske Forleggerforening (DnF) og Den norske Bokhandlerforening (DnB), som partar i Bransjeavtalen av 1998 for omsetning av bøker, løyve til å vidareføre samarbeidet om faste vidaresalsprisar for fagbøker og lærebøker til høgare utdanning til 1. juli 2007, i samsvar med avtalen.

2. Bakgrunn

DnF og DnB har ved kongeleg resolusjon av 21. desember 2005 unnatak fram til 1. juli 2006 frå § 10 i konkurranselova slik at dei kan samarbeide om faste vidaresalsprisar for fagbøker og lærebøker til høgare utdanning. Dette var meint som ei midlertidig ordning som skulle gjelde medan det mellom anna vart vurdert om det var formålstjenlig med eit mer varig unnatak frå konkurranselova som middel til å styrke og utvikle norsk fagspråk ved universitet og høgskuler og sikre studentane god tilgang til relevant faglitteratur til ein rimeleg pris.

For å få spørsmålet om eventuell vidareføring av unnataket nærare opplyst har Fornyings- og administrasjonsdepartementet, Kultur- og Kyrkjedepartementet og Kunnskapsdepartementet gjennomført ei høyring. Føremålet med høyringa var å vurdere om reglar som gir høve til å avtale faste utsalsprisar på fagbøker og lærebøker for høgare utdanning, er ei målretta ordning for å oppfylle målet til regjeringa om å sikre studentane god tilgang til relevant faglitteratur til ein rimeleg pris, og å styrkje og utvikle norsk som fagspråk. Høyringsinstansane vart òg oppmoda til å uttale seg om andre verkemiddel kan vere meir målretta for å nå måla. Det vert òg framlagt eit konkret forslag til føresegn dersom unnatak frå konkurranselova vert aktuelt.

Høyringssvara syner at forfattarar, forlag og bokhandlarar er for ei fastprisordning, medan studentorganisasjonane og utdanningsinstitusjonane er motstandarar av eller er kritiske til ei ordning med avtale om faste utsalsprisar. Norsk kulturråd, Språkrådet og

Nasjonalbiblioteket er òg for ei vidareføring av ei fastprisordning. I sum er det 12 høyringssvar for og sju imot ei vidareføring av høve til slike avtaler.

Som alternativ til fastprisordninga nemner høyringsinstansane styrking/etablering av mellom anna ulike stønads- og tilskotsordningar, til dømes Lærebokutvalet for høgare utdanning og innkjøpsordninga for sakprosa, særskilde støtteordningar til digitale læremiddel, støtte til universitet og høgskolar sine egne utgjevingar av fagbøker og -artiklar, endringar i meritteringskriteria ved utdanningsinstitusjonane slik at skrivning av lærebøker på norsk gjev profesjonell merittering og endringar i finansieringssystemet for universitet og høgskular der mellom anna publisering av forskingsresultat på norsk gjev påskjøning.

3. Departementet si vurdering

Regjeringa er opptatt av å bevare norsk som fagspråk og akademisk språk. Spørsmålet om trong for vidare samarbeid om faste prisar på fagbøker og lærebøker for høgare utdanning og eit utkast til føresegn om unnatak frå forbodet i konkurranselova § 10 mot konkurranseinnskrenkande samarbeid som verkemiddel i denne samanheng har vore på allmenn høyring.

Regjeringa har med bakgrunn i dette og det pågåande arbeid med ei stortingsmelding om norsk språk, vedtatt at spørsmålet om høve til å samarbeide om faste vidaresalsprisar skal sjåast i samanheng med drøftingar i denne meldinga om norsk terminologi og fagspråk. Ordninga med samarbeid om fastpris bør difor vidareførast enno ein periode.

4. Konklusjon

Fornyings- og administrasjonsdepartementet gjer framlegg om vedtak om å gje DnF og DnB lov til å vidareføre og praktisere ordninga med fastpris for bokgruppe 2, profesjonsbøker og bøker til høgare utdanning i Bransjeavtalen av 1998 til 1. juli 2007.

”Fornyings- og administrasjonsdepartementet

t i l r å r

Vedtak om tidsavgrensa løyve etter konkurranselova § 13 for Den norske Forleggerforening og Den norske Bokhandlerforening til å føre vidare samarbeidet om fastpris for fagbøker og lærebøker for høgare utdanning i samsvar med forslaget som ligg ved.”

”Vedtak om tidsavgrensa løyve etter konkurranselova § 13 for Den norske Forleggerforening og Den norske Bokhandlerforening til å føre vidare samarbeid om fastpris for fagbøker og lærebøker for høgare utdanning:

I.

Den norske Forleggerforening og Den norske Bokhandlerforening får løyve til å forlengje Bransjeavtalen av 20. juni 1998 for omsetning av bøker, når det gjeld fagbøker og bøker for høgare utdanning, med de klårgjeringar som går fram av Arbeids- og administrasjonsdepartementets vedtak av 23. mars 1999. Samanslutningane og medlemene i samanslutningane får med same heimel løyve til åtferd etter avtalen som elles ville vore i strid med forbodet i konkurranselova § 10.

II.

Vedtaket trer i kraft 1. juli 2006 og gjeld til 1. juli 2007.”